

Frå: Foreldrearbeidsutvalgene (FAU) i barnehagene i Surnadal kommune; Solbakken barnehage, Øye barnehage, Bæverfjord barnehage, Bøfjorden barnehage, Midtigranda barnehage, Bårdshaugen barnehage, Mo oppvekstsenter.

**Ikkje legg ned «barne- og ungdomsarbeider»-linja ved Surnadal VGS, og ikkje frata småbarnas moglegheit til trygghet og utvikling! Våre små barn må ikkje bli taparane, i politikaranes økonomiske prioriteringar.**



Bilde: GettyImages. <https://www.gettyimages.no/detail/photo/baby-girl-playing-on-the-floor-royalty-free-image/626543616?adppopup=true>



Vi vart så utruleg lei oss og frustrerte da vi på Driva.no, fredag kveld, kunne lese at barne- og ungdomsarbeiderfaglinja ved Surnadal vgs foreslås å bli lagt ned fom. hausten 2024!

Link: <https://www.driva.no/nyheter/i/GMoRIB/foreslaar-aa-ikkje-starte-opp-skuletilbud>

Og vi har no også lest saksframlegget for det kommande utvalsmøtet for kompetanse- og næringsutvalet i Møre og Romsdal, fredag 15. mars, der står **skulestruktur og skuletilbod** i fylket vårt på agendaen: [https://mrfylke.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-41c1c2cb\\_4d43\\_484e\\_936a\\_a638e2bddd8-139660\\_4\\_A!d-1100064293!grsgGP](https://mrfylke.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-41c1c2cb_4d43_484e_936a_a638e2bddd8-139660_4_A!d-1100064293!grsgGP)

I saksframlegget skal utvalet ta stilling til administrasjonens innstilling om å **legge ned** skuletilbodet «**Barne- og ungdomsarbeidarfaget**» (BUA) ved **Surnadal vidaregåande skole**, som er et programfag på vg2, etter fullført vg1 helse- og oppvekstfag.

I Surnadal kommune har vi åtte flotte barnehagar, som alle er fulle, og det står også barn på ventelister no på vårparten, og det er og fleire utlyste stillingar til barnehagane.

**Vi som foreldre til barn i barnehagane i Surnadal kan ikkje godta at det frå fylket si side blir rasert med barnas forutsetningar for trygghet og læring.** Vi har stort behov for den fagkompetansen vi kan få i barnehagane, og vi ser ofte resultatet av det gode samarbeidet mellom barnehagane og skulen i bygda, da vi ofte treffer elever som er ute på praksis i barnehagane. Og vi høyrer at personalet i barnehagane rosar samarbeidet med skulen, og fortel oss om kor verdifullt det er for barna og avdelingane, når det kjem elevar frå Surnadal vgs inn i praksisperiodar i barnehagane, eller som lærlingar, eller som ferdig utdanna barne- og ungdomsarbeidarar.

Og dette er vinn-vinn, både for elevane som bidrar med ny kunnskap, og tileignar seg verdifull praksis og kompetanse i feltet, og også for barnehagane, som i utgangspunktet har en for lav nasjonal bemanningsnorm, og samtidig er prega av tidvis stort frávær, er det gull at det kjem interesserte og engasjerte ungdom på *jobb* i barnehagen.

Ungdom som velger utdanningsprogrammet **barne- og ungdomsarbeiderfag**, opparbeider seg svært **viktig og aktuell kompetanse, om blant annet**; leikens betydning for barn og unges læring og utvikling, sosialiseringssprosesser hos barn og unge, utviklingspsykologi, aktiviteter som fremmer god helhetlig helse, hvordan lage måltider i tråd med anbefalinger frå nasjonale helsemyndigheter, veiledning barn og unge om respekt og toleranse for ulike kulturer og fellesskapets verdier, voksnes ansvar i samhandling med barn, hvordan voksnes relasjonsferdigheter påvirker samspelet mellom barn og voksne, barn og unges språkutvikling, kommunikasjonsmetoder, hvordan bygge trygghet og tillit sammen med barn og unge, konflikthåndtering, og forebygging av konflikter, hvordan veilede barn og unge i digital dømmekraft, medvirkning og medbestemmelse i møte med barn og foreldre, forebygging av mobbing, kompetanse på å gjenkjenne tegn som kan tyde på omsorgssvikt, og ansvar og tjenestevei for omsorgssvikt, grunnleggende førstehjelp tilpasset barn og unge, kjennskap til gjeldende regelverk for pedagogiske virksomheter.



Foto: Privat, FAU Solbakken Bng

Alle disse punktene står som kompetanse som barne- og ungdomsarbeidere får gjennom sin opplæring, jf. **Udir.no**, og alle disse kompetansene trenger vi i barnehagene! Vi kan ikke risikere at færre ungdom utdanner seg til barne- og ungdomsarbeidere, og vi kan ikke risikere at de heller velger andre utdanninger, eller velger b.u.a.-linje ved en annen skole, på en annen plass, da det reduserer sjansene for at de kommer tilbake igjen til Surnadal, og barnehagene her.

Det handler om å legge til rette for en trygg oppvekst med omsorg, lek og læring.

På landsbasis i barnehagane i Norge så er det delvis mangel på, og derfor også stor etterspørsel etter - pedagogiske fagpersonar i barnehagane. Det er kamp om å få fagpersonar med pedagogisk kompetanse inn i sine barnehagar, pga. mye færre søkarar til barnehagelærarutdanningane, og også fordi at pedagogar i mange barnehagar i stor grad forlét yrket, eller har planer om å forlate yrket, pga. for dårlige rammebetingelser.

Det er frykteleg synd viss man skal frata dei ungdommane som har motivasjon og ønske om å arbeide i oppvekstsektoren som fagarbeidarar, moglegheita til å ta denne utdanninga, ved å legge ho ned. Det er stikk i strid med kompetanse og næringsområdets mål om å; «*Sikre at utdanningstilbodet er tilpassa behova i nærings- og arbeidslivet*». Det er stort behov for barne- og ungdomsarbeidarar i barnehagar og skulen, så det er viktig å sikre at dette utdanningstilbodet består.

**Vi vil oppfordre fylkespolitikarane i Møre og Romsdal til å finne andre økonomiske sparetiltak, som ikkje så direkte påverkar og raserer dei gode og viktige forutsetningane for våre små barn, i livets mest sårbare periode. Vi treng trygge, kompetente fagpersonar i barnehagane. Vær så snill, ikkje legg ned barne- og ungdomsarbeidarfag ved Surnadal VGS!**

Vennleg helsing

Foreldra til dei rundt 300 barnehagebarna i Surnadal, representert ved Foreldrearbeidsutvalga (FAU) i barnehagane i Surnadal kommune;

Solbakken barnehage,  
Øye barnehage,  
Bæverfjord barnehage,  
Bøfjorden barnehage,  
Midtigrenda barnehage,  
Bårdshaugen barnehage,  
Mo oppvekstsenter, og  
Todalen og Stangvik barnehage.

Kontaktperson: Lene Kvande, tlf 41204663, FAU i Solbakken barnehage.